

Årsplan barnehage


2025-2028

Golvsengane barnehage
Gjerdane barnehage
Stårheim barnehage
Flatraket barnehage
Selje barnehage
Leikvang barnehage



Innhald

Innleiing.....	3
Verdigrunnlag	3
Barnehagen sitt formål og innhald.....	4
Omsorg	4
Leik	4
Danning	4
Læring.....	5
Vennskap og fellesskap	5
Barn sin medverknad	5
Overgangar.....	6
Tilvenning	6
Overgang til skule	6
Barnehagen som pedagogisk verksemd	6
Satsingsområda til dei kommunale barnehagane	6
Kommunikasjon og språk	6
Barnehagemiljøet	7
Betre tverrfagleg innsats (BTI) i Stad kommune.....	7
Fråvær	8
Miljøfyrtårn.....	8
Kontaktpersonar for barnehagar i Stad kommune:	9



Innleiing

Stad kommune som barnehageeigar er ansvarleg for at barna i barnehagane våre får eit godt og mest mogleg likeverdig tilbod. Barnehagane i Stad kommune samarbeider tett i utviklings- og planleggingsarbeid, og i felles årsplan for dei kommunale barnehagane finn vi lokale pedagogiske satsingsområde. Årsplan for barnehage vil i hovudtrekk gå over tre år, for å sikre personalet grunnlag til å handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Dette skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppene.

Rammeplan for barnehagen er utgangspunktet for årsplanen. Barnehageeigar kan tilpasse rammeplanen til lokale forhold, og vi vel å lage ein felles, treårig årsplan knytt til satsingsområde i Stad kommune.

Barnehagelova § 2 seier at samarbeidsutvalet for kvar barnehage skal fastsette årsplan for den pedagogiske verksemda. Foreldra er sikra medverknad gjennom samarbeidsutvalet. Årsplanen vert årleg behandla om hausten i samarbeidsutvalet for barnehagen.

Årsplanen skal vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsetje formål og innhald i rammeplanen i pedagogisk praksis - ein arbeidsreiskap som dokumenterer og grunngjev vala våre.

I tillegg til felles årsplan, vil kvar barnehage ha eigen informasjon knytt til sin barnehage. Årsplanen vil også vise til eigne kommunale planar på aktuelle tema:

- Handlingsplan for eit godt barnehagemiljø
- Plan for overgang – siste året i barnehagen
- Leseplan for barnehagane i Stad kommune

Verdigrunnlag

Vi vil at alle barna skal glede seg til å komme i barnehagen i Stad kommune, og at kjenneteiknet på barnehagane i Stad er at det er ein trygg og god stad å vere.

Stad kommune har samfunns målet:

«Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag»

Under utdyping av samfunns målet, står det som viktig for Stad kommune å:

«Arbeide for ein lukkeleg barndom, og sikre at alle barn i Stad får ein trygg og tilpassa oppvekst i eit inkluderande fellesskap, med eit mangfaldig barnehage-, skule og fritidstilbod, der dei kan få nytta og utvikla evnene sine og bli sjølvstendige menneske med god psykisk og fysisk helse.»

Barnehagen sitt formål og innhald

Rammeplanen seier at innhaldet i barnehagane våre skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. Arbeidet vårt med omsorg, danning, lek, læring, sosial kompetanse, kommunikasjon og språk skal sjåast i samanheng.

Omsorg

«I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respektert, og få den hjelpa og støtta dei har behov for» [Rammeplan s.19](#)

For å kunne sjå barna treng vi vaksne som er nær og er merksame på barna sine uttrykk og individuelle behov i kvardagen. Omsorg i barnehagen er å møte barna med empati, tryggleik, interesse og engasjement kvar dag. Det er viktig at vaksne viser omsorg og skaper gode relasjonar med barna for å skape tryggleik og trivsel. Omsorg gir grunnlaget for glede, meistring og læring.

«Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som og verdset omsorgshandlingane til barna» [Rammeplan s.19](#)

Personalet i barnehagen har eit særleg ansvar for å vere gode rollemodellar ved å vise omsorg. Personalet skal legge til rette for at barna skal kunne vise omsorg ovanfor kvarandre. Det gjer vi ved å anerkjenne barna sine eigne kjensler og gjere dei merksame på andre sine uttrykk for kjensler. Gode relasjonar mellom menneske er ein grunnleggjande lærdom barnehagen skal gje barna.

Leik

“Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre” [Rammeplan s.20](#)

I leiken tileignar barn seg sosiale ferdigheiter, språk, kunnskap om samarbeid og toleranse, empati og omsorg, utfordrar seg sjølv og brukar alle sansane.

Barna får prøve ut ulike idear, teste kreativitet og fantasi og brukar leiken til å omarbeide inntrykk og opplevingar. Barn går inn i leiken med heile seg. Leiken er prega av glede og meistring og er grunnlaget for danning av vennskap og trivsel vidare i livet.

Leiken er identitetsskapande, og barna blir kjende med eigne og andre sine personlege eigenskapar. Barna tileignar seg kunnskap om samarbeid, evne til å hevde seg sjølv i tillegg til å lytte til andre. Gjennom samhandling i leiken førebygger ein mobbing og utestenging.

Leiken skal skape trivsel og skal vere til glede for barna. Personalet skal ha kunnskap om ulike typar leik og har evne til å sjå kvart enkelt barn, deira behov for støtte og rettleiing. Gjennom leiken skapar vi gode relasjonar. Personalet er aktiv deltakande, lyttande, nære og har evne til å gje av seg sjølv.

Danning

«Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet» [Rammeplan s.21](#)

Danning skal sette barna i stand til å tenkje sjølv, søkje kunnskap, reflektere over og vurdere vedtekne sanningar, stille spørsmål og yte motstand på eigne og andre sine vegne. For å ha gode dannelsingsprosessar i barnehagen, er det viktig at vaksne viser respekt for den kommunikasjonen som barna har og viser interesse for det dei seier. Barna treng støtte og rettleiing i samspel med andre.

Barnehagen skal derfor legge til rette for at barna utviklar god sjølvkjensle slik at dei kan forstå både seg sjølv og andre. Barna si danning vert utvikla gjennom omsorg, lek og læring.

Den vaksne si rolle er å vere ein god samhandlingspartner og rettleiar. Ein skal vere aktivt tilstades, nær og engasjert i barna sin lek og kvardag.

Læring

“I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Nysgjerrigheit, kreativitet og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansane i læringsprosessane sine. Barnehagen skal bidra til læringsfellesskap der barna får bidra i eiga og andre si læring”

[Rammeplan s.22](#)

Med utgangspunkt i barnas nysgjerrigheit og personalet sin kunnskap og initiativ, skaper barnehagane grobottn for læring. Dei hjelper barna med å setje ord på opplevingar. Personalet og barna undrar seg saman og søker informasjon og kunnskap. Personalet skal leggje til rette for læringsprosessar, som fremmar barnas trivsel og allsidige utvikling. Dei skal vere merksame på barnas interesser og engasjement og legge til rette for læring i ulike situasjonar og aktivitetar.

Læring føregår i det daglege samspelet med andre og er nært knytt til lek, omsorg og danning. I nært samarbeid med føresette skal barnehagen sørgje for at alle barn får rike og varierte opplevingar, erfaringar, utfordringar og meistringskjensle.

Vennskap og fellesskap

“Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap” [Rammeplan s.22](#)

For å fremje vennskap og fellesskap er sosial kompetanse grunnpilaren som må utviklast hos barn, unge og vaksne. Viktige stikkord for å lykkast med dette er empati, kjensler, positivt samspel, grensesetjing og konfliktløysing. Språk er ein naturleg og viktig del for å skape vennskap og fellesskap. Personalet skal jobbe med relasjonsbygging og skape eit godt psykososialt miljø der fokus på god sjølvkjensle er ein viktig faktorar.

Barn sin medverknad

«Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen, jf.

barnehagelova §§ 1 og 3, Grunnlova § 104 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr. 1» [Rammeplan s. 27](#)

Personalet skal legge til rette for at alle barn, uavhengig av alder, føresetnader og behov, jamleg skal få høve til å delta aktivt i planlegging og vurdering av kvardagen i barnehagen. Barnehagen skal observere og følgje opp dei ulike uttrykka og behova til alle barn. Ein skal vektleggje synspunkta til barna i samsvar med alder og modenskap, og gi dei ansvar dei er modne til å ta.

Overgangar

Tilvenning

“Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhørsle og føle at det er trygt å leike, utforske og lære” [Rammeplan s.33](#)

Alle barn og foreldre er ulike, og har ulike behov når det gjeld tilvenning. Tilvenninga må difor tilpassast kvar enkelt og deira behov og ønskjer. Det er viktig at barn og foreldre får god nok tid til å bli kjende og trygge i barnehagen.

Det er viktig med god kommunikasjon mellom heim og barnehage, og foreldre blir kalla inn til samtale i samband med oppstart. Målet med denne samtalen er å utveksle informasjon som er viktig for å gjere tilvenningsperioden best mogeleg for barn, foreldre og barnehage.

Overgang til skule

“Barnehagen skal legge til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gje dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og kan møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evner” [Rammeplan s.33-34](#)

Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skule legge til rette for at barna kan få ein trygg og god overgang til skulen. Det er utarbeida ein felles plan for overgangar, der det står skildra kva tema førskulebarna skal få kjennskap til gjennom det siste året i barnehagen – Sjå: [Plan for overgang frå barnehage til skule](#). Foreldre får i tillegg delt ut ei brosjyre med informasjon om siste året i barnehagen, og kva barnehagen og skulen kan gjere for å leggje til rette for ein god overgang. God informasjon og dialog er viktig i ein slik prosess.

Barnehagen som pedagogisk verksemd

“Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen”.

Barnehagen skal regelmessig planlegge, vurdere og dokumentere det pedagogiske arbeidet opp i mot planar for barnehagen, barnehagelova og rammeplan for barnehagen. Den pedagogiske vurderinga skal sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med lover og regelverk.

Det pedagogiske arbeidet inkluderer heile personalgruppa. Avdelingsmøte, personalmøte, pedagogmøte, planleggingsdagar og foreldresamtaler er døme på formelle arenaer for dette arbeidet. I tillegg skjer og mykje av vurderinga i meir uformelle arenaer, som t.d. i samtale og samspel med barn og føresette.

Satsingsområda til dei kommunale barnehagane

Kommunikasjon og språk

«Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling» [Rammeplan s.23](#)

Språket er viktig for barna si sjølvutvikling, og det å ha eit godt kommunikasjonsverktøy er viktig for å fungere sosialt. Gjennom å utforske språket, aukar barna ordforrådet sitt og ordforståinga.

Kommunikasjon, språk og tekst er eit sentralt fagområde i barnehagen sitt arbeid, og det å kunne kommunisere er viktig for borna si utvikling på mange plan. Språk er ein viktig del av identiteten og er ein nødvendig funksjon i barna sine liv. Barnehagen har barn i ulike alder, utvikling og nasjonalitet, med ulike behov og interesser som vi skal ivareta. Frå dei er små kommuniserer dei med kroppsspråk, tonefall, lydar og enkeltord. Etter kvart utviklar dei større ordforråd som hjelper dei til å gjere seg betre forstått. Barna får heile tida førstehandserfaringar som er med på å styrke vokabular, ordforståing og bruk av språket.

Personalet skal vere gode språklege rollemodellar og støttespelarar. Personalet skal hjelpe barna med å sette ord på det som skjer og det ein gjer, stille spørsmål og skape rom for undring og refleksjon.

Personalet skal bidra til å skape engasjement og interesse rundt bøker og lesing. På denne måten skapar ein leseglede hjå barna. Leseplanen for barnehagane i Stad kommune er eit verktøy som vil vere nyttig å bruke - [Link til leseplanen kjem når planen er vedteken](#)

Barnehagemiljøet

Kjenneteiknet på barnehagane i Stad skal vere at det er ein trygg og god stad å vere. Både tilsette, barn og føresette skal samarbeide om å skape eit godt psykososialt barnehagemiljø, som legg til rette for at alle barna får utvikle sin sosiale kompetanse. Barnehagane har nulltoleranse når det gjeld krenkelsar som til dømes utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Handlingsplan for eit godt barnehagemiljø

STAD KOMMUNE



Einingsleiarane i barnehagane i Stad kommune

Barnehagane i Stad kommune har ein eigen [handlingsplan for eit godt barnehagemiljø](#). Planen skal vere ein reiskap tilsette i Stad kommune kan bruke, og ei forplikting i høve kontinuerleg arbeid slik at vi kan nå samfunns målet vårt. For Stad kommune er det viktig å: *“Arbeide for ein lukkeleg barndom, og sikre at alle barn i Stad får ein trygg og tilpassa oppvekst i eit inkluderande fellesskap, med eit mangfaldig barnehage-, skule og fritidstilbod, der dei kan få nytta og utvikla evnene sine og bli sjølvstendige menneske med god psykisk og fysisk helse.»*

Dårleg psykososialt barnehagemiljø angår alle. Det kan ikkje løysast av det einskilde barnet eller den einskilde familien - det må løysast i fellesskap. Alle som jobbar i barnehagane våre skal kjenne til kva den vaksne skal gjere dersom han eller ho får mistanke om at eit barn vert mobba eller ikkje har det bra. Alle barnehagane skal jobbe aktivt med å førebygge, avdekke og løyse utfordringar knytt til det psykososiale miljøet i barnehagekvardagen.

Betre tverrfagleg innsats (BTI) i Stad kommune

Til ei kvar tid er det barn og unge i vår kommune som har behov for eit samansett tenestetilbod med oppfølging som involverer fleire aktørar i velferdstenestene. Nokre vil ha slike behov allereie frå fødselen av, og andre vil få behov for slike tenester undervegs og i periodar i livet.

Gjennom tidleg tverrfagleg innsats og god samhandling med føresette, hindrar vi at barn og unge veks seg inn i større vanskar. I Stad kommune skal det vere låg terskel for involvering, og gjennom samordna og koordinerte hjelpetiltak frå dei ulike tenestene sikrar vi at barn

og unge får rett hjelp til rett tid. Som ei hjelp i dette arbeidet, jobbar barnehagane i Stad kommune etter BTI-modellen. <https://stad.betreinnsats.no/>

BTI er ein samhandlingsmodell for tenester som møter gravide, barn, unge og foreldre det er knytt undring eller bekymring til. Hensikta med BTI-modellen er å kvalitetssikre heilskapleg og koordinert innsats, utan at det blir brot i oppfølginga. BTI bidreg til tidleg innsats, samordning og medverknad. Samarbeid og samhandling med føresette og barnet/ungdomen er ein grunnmur i BTI, og føresette er i utgangspunktet alltid ein del av løysinga.



Betre Tverrfagleg Innsats

Fråvær

Barnehagen er ein viktig arena for barn si utvikling, trivsel og læring. Her får barna høve til å utvikle sosiale ferdigheiter, byggje relasjonar og utforske verda gjennom leik og aktivitetar saman med andre. Når barn har hyppig eller langvarig fråvær frå barnehagen utan kjent eller god grunn, kan det vere grunn til bekymring. Vedvarande fråvær kan få konsekvensar for barnet si trivsel, utvikling og kjensle av tilhøyrse. Eit godt samarbeid med heimen er avgjerande; tillit er nøkkelen til å kunne førebyggje og hjelpe tidleg.

I skulane ser vi ei aukande utfordring knytt til elevar som av ulike årsaker strevar med å gå på skulen. Erfaringar viser at det er mykje lettare å førebyggje og forhindre at elevar får stort skulefråvær, enn å hjelpe dei når skulefråværet først er etablert. Difor må det førebyggjande arbeid prioriterast, og arbeidet startar allereie i barnehagen. Barnehagar og skular skal dei komande åra jobbe med fokus på førebygging av skulefråvær. Barn som trivast og som har jamn deltaking i barnehagen, er ein viktig faktor i det førebyggjande arbeidet.

Miljøfyrtårn



Miljøfyrtårn®

I 2024 vart alle barnehagar i Stad kommune sertifiserte som miljøfyrtårn. Dette inneber at vi skal jobbe systematisk med å redusere vår miljøbelastning.

Målet vårt er å vere ein bidragsytar til å skape eit meir berekraftig samfunn. Vi jobbar systematisk og målretta med arbeidsmiljø, kjeldesortering, energiforbruk, innkjøp og transport. Kvart år har vi innrapportering av arbeidet vårt med dette.

« Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Barnehagen har derfor ei viktig oppgåve i å fremje verdiar, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn» [Rammeplan s.10](#)

Ved å inkludere barna i miljøarbeidet stimulerast deira nysgjerrigheit, engasjement og bevisstheit rundt miljøspørsmål og berekraft.

Kontaktpersonar for barnehagar i Stad kommune

Leikvang barnehage:

Evy Henriette Hagen tlf. 90 96 37 35

Selje barnehage:

Heidi Løvold tlf. 47 75 97 94

Flatraket barnehage:

Helena Gangeskar Fure tlf. 91 18 71 36

Stårheim barnehage:

Linda Balsnes tlf. 41 64 63 15

Gjerdane barnehage:

Tove H. Starheimsvik tlf. 95 21 58 29

Golvsengane barnehage:

Øyvind Dypveit tlf. 90 66 19 03